

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Bremanger kommune

Utval: Kontrollutvalet - Bremanger kommune
Møtedato: 27.11.2013
Møtetid: 09.00 – 12.00
Stad: Kommunestyresalen
Møtenr.: 05/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.
-andre: Revisor i sak 035/13 og Rådmann i sak 036/13
Melding til: Ordførar(møte- og talerett), revisor(møte- og talerett) og vararepresentantar
(Vararepresentantar møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

Sak 033/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 034/13 Skriv og meldingar.
Sak 035/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt: Prosjektrapportering og oppfølging, tinging
Sak 036/13 Orientering – Status i arbeidet med innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune
Sak 037/13 Oppfølgingsliste 5-2013 og merknader – Bremanger.

Svelgen 20.11.2013

for kontrollutvalet i Bremanger

Harry Gulestøl (s)
Leiar


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 41	post@sekom.no	951 39 762 Vø 57 61 27 86 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

033/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat

Dato: 20.11.2013

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2013	033/13	-	Ja

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

034/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2013.

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet	27.11.2013	034/13	-	Ja

Saksvedlegg

- SM 17-13: E-post datert 14.10.2013 frå Ole Elde til Leo Cirotzki, 420 kV gjennom Bremanger kommune, m/vedlegg
- SM 18-13: Notat datert 18.11.2013 frå konsulent Einar Ulla, 420 kV gjennom Bremanger kommune
- SM 19-13: E-post frå SEKOM-sekretariat til Ole Elde - 420 kV gjennom Bremanger kommune, datert 20. november 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 17/13

Frå: Ole Elde [<mailto:oleelde@online.no>]

Send: 14. oktober 2013 02:01

Til: Leo Cirotzki

Emne: 420 kV gjennom Bremanger kommune

Hei

Vil med dette oppmode kontrollutvalget til å undersøke og behandle ein del spørsmål angående saka om 420 kV gjennom kommunen.

Etter mitt syn er det heilt klart at revisor Terje Førde og ordførar Karl Vidar Førde har misbrukt sine posisjonar i kommunen til fordel for eiga vinning.

Ordføraren vart, til tross for at han var inhabil i saka, avslørt av nrk i å ha sendt Einar Kjerpeset i møte med politisk ledelse angående saka 11.11.11.

I følge postlistene 09.11.11 til kommunane i Sogn og Fjordane og der representantar frå Sp fekk møte politisk ledelse 11.11.11, går det fram at OED oversendte feil dokumentasjon som angår strekninga Ørskog -Ørsta. Desse kommunane var Bremanger, Flora, Naustdal, Jølster, Førde og Gaular. For Bremanger sin del, som fekk utsett høyringsfristen til 30.11.11, går det også fram av møteboka 30.11.11 at feil dokumentasjon er mottatt, nemleg for Ørskog -Ørsta. Ørskog -Ørsta strekninga hadde høyringsrunde 07.11.11 -28.11.11 og dokumentasjonen på denne strekninga vart dermed tilgjengelig 07.11.11. Dersom ein les på side 2 i møteboka til kommunen, heiter det vidare at kommunen" ved ein feil" ikkje mottok oversendinga/ dokumentasjonen frå OED som starta den siste formelle høyringsrunden 04.10.11 - 26.10.11. Dette er det vanskeleg å feste lit til,,jamfør 08-123-364 del 2 og 08-123-269, der Bremanger kommune er oppført som mottaker. Møteboka viser vidare at også at ei seinare oversending , nemleg 09.11.11 med korrekt dokumentasjon, til kommunen ikkje er innregistrert. Det framgår også at OED 09.11.11 tar kontakt med ordføraren. Som kjent sendte ordføraren 11.11.11 Einar Kjerpeset i møte med politisk ledelse i OED. OED viser at dokumenta vart sendt til kommunen, men OED viser ikkje at OED sendte over feil dokument 09.11.11. (med mindre det har funne stad etterregistrering i OED) Kva skjedde eigentleg her og kvar forsvant oversendingsbrevet frå OED 04.10.11 som starta formelt den siste høyringsrunden 04.10.11 - 26.10.11? (Her må ein ikkje forveksle oversendinga frå NVE direkte til kommunen og andre partar nokre dagar tidlegare, dokumentdato inn til kommunen 03.10.11)

Møteboka 30.11.11 framstår som om kommunen "byggjer seg sak" mot OED, og delegasjonen som fekk møte politisk ledelse 11.11.11 har allereie tolka forståelsen av kommunale vedtak før møtet i formannskapet har funne stad.

Kva fullmakt hadde Rune Indrehus når han presenterte seg som utsending frå kommunen på informasjonsmøte med Statnett 25.08.2008?

Indrehus foreslo der trafostasjonsplassering i Svinevika, eit alternativ som aktualiserte og gjorde det naturleg å føre linja gjennom også den austre delen av Myklebustdalen, kjent som trasé 1.11.2. Dette medfører at linja passerer nord for Myklebustsetra og vidare forbi skule og barnehage, regulert hyttefelt på Sigdestadneset og eit stort fjordspenn. På Sigdestad ligg også dei mest attraktive tomtane for framtidig bustadbygging i bygda. Etter det vi er kjent med var det også ein føresetnad i ein avtale mellom kommunen og SFE at området i Svinevika skulle ligge urørt til felles bruk, dersom SFE bygde veg langs fjorden til Yksneelvane.

Varaordførar Nina Grotle har til oss uttalt at ho kun har handtert saka under møte, og dette festar vi lit til. Men kven handterte då saka imellom møta? Etter mitt synspunkt og vedlagt dokumentasjon har rådmannen spelt ei rolle her. Men sidan både ordføraren og revisoren tydelegvis har kontroll på kva som skjer i saka, så har han vel fått hjelp. Det er vel neppe enkelt å sjå føre seg 4 år som rådmann mellom ein ordførar og revisor som kjempar for å få 420 kV-linja gjennom dalføret sitt.....

Nina Grotle har også uttalt til oss at då ho sendte brevet i februar 2012 som presiserte vedtaka som kommunen hadde gjort til OED, fekk ho spørsmål om dette skulle registrerast inn på postlista. Spørsmålet vårt blir då om det finst andre dokument inn eller ut frå kommunen i saka som ikkje vart registrert inn på postlista? (f.eks. oversendingsbrevet frå OED 04.10.11?)

Det er også underleg at det så seint som 13.12.11 frå kommunen si side blir bedt om eit møte med OED. Når dette skjer berre ei veke før vedtaket skal kunngjerast blir det heilt klart underforstått at ein eigentleg ikkje er interessert i at varaordføraren skal få møte OED i anledning saka. Terje Førde følgjer

opp forespørselen om møte med OED i ein e-post kort tid etter, 15.12.11 og øsar på med informasjon til OED, denne gong som revisjonssjef og dagleg leiar i Kryss- Revisjon. Legg merke til at han veit om at kommunen har bedt om møte og at saka då vil bli lagt fram på "ein grundig og god måte"....

Omdømebygging i Bremanger

Denne saka er av ein så alvorleg karakter at politikarane i Bremanger kommune blir nøydde til å handsame ordførarens habilitet, og med det uungåelige resultat at han må trekkje seg.

Eller er politikarane so naive at dei ikkje ser samanhengane mellom opptredenane til ordføraren, Terje Førde, Rune Indrehus, Martin Førde, Einar Kjerpeset og Førde grunneigarlag?

Kan verkeleg politikarane godta ei korrupt framferd av dei som skal inneha dei mest sentrale og betrudde posisjonar i kommunen, slik som det er avdekka i denne saka?

Etter endt klagebefaring 21.10.09 overleverte Terje Førde ein powerpoint-presentasjon til ekspedisjonssjefen i OED der det blir vist til samrøystes vedtak i Bremanger som ikkje er riktige og som ikkje eksisterer. Det framgår derfor klart og tydeleg kva som har vore agendaen til Førde grunneigarlag. Terje Førde har i tillegg sendt fleire e-postar der det blir feilinformert til OED.

Førde grunneigarlag har i brev til Sivilombudsmannen redegjort for eit hendelsesforløp under klagebefaringa som ikkje stemmer med det som er fakta. I brevet blir det blant anna vist til presentasjonen som Terje Førde la fram under oppstartsmøtet i Svelgen 21.10.09. Det korrekte er selvfølgelig at Terje Førde berre viste fram deler av innholdet i presentasjonen fordi Myklebust grunneigarlag, i likhet med KOS, var til stades på dette møtet og under heile klagebefaringa. I brevet til Sivilombudsmannen skriv Førde grunneigarlag vidare at ordførar Kåre Olav Svarstad gjekk gjennom dei ulike alternativa som forelåg, men dette er ikkje korrekt. Svarstad omtalte ikkje alternativa som var aktuelle/konsesjonssøkt gjennom Myklebustdalen i det heile, som er 1.0 - 1.11.2 -1.0 vedtatt OED-trasé eller 1.0 -1.11.1 -1.0 som er kombinasjonsalternativet Myklebustdalen/Førdedalen. Ordførar Kåre Olav Svarstad uttalte seg om Grov- Åskora som kommunen gjekk inn for, i tillegg til at han omtalte eit forslag om ein vestlegare trasé frå Svelgen mot Bryggja, med trafostasjon nærmare Svelgen. Kåre Olav Svarstad må kontaktast for å få stadfesta dette, då dette kan vere av betydning for saka vår.

Vi kan ikkje sjå at det eksisterar vedtak i kommunen som prioriterar trasé gjennom Myklebustdalen framfor trasé gjennom Førdedalen, slik som Førde grunneigarlag framfører i power-point presentasjonen overlevert av Terje Førde til OED.

Håpar at kontrollutvalget vil handtere denne saka så fort som råd, og at politikarane i tråd med tidlegare uttaler, snarast i brev til den nye regjeringa tek sterk avstand til klageprosess og valg av trasé 1.11.2 gjennom den austlege delen av Myklebustdalen og gjennom sentrum av bygda.

Mvh
Ole Elde

Fra: Gullestad Petter Lem
Sendt: 14. februar 2012 10:06
Til: Wiken Else
Emne: VS: brev fra OED

Fra: Gullestad Petter Lem
Sendt: 9. november 2011 15:55
Til: 'Tom.Joensen@bremanger.kommune.no'
Emne: brev fra OED

Hei,

Det var meget beklagelig.

Vedlagt følger brev hvor Bremanger kommune er blant adressatene.

Av hensyn til sakens fremdrift må jeg be om eventuelle kommentarer så hurtig som mulig. Har du noe formening om når dere evt kan komme med noe?

NVEs innstilling sendes i egen mail straks.

Mvh
Petter Lem Gullestad
Olje- og energidepartementet



**DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Se vedlagte adresseliste

Deres ref

Vår ref
08/00123-269

Dato
4.10.2011


420 kV kraftledning Ørskog-Sogndal – Innstilling fra NVE

Vedlagt følger NVEs innstilling til utredninger av nye traséer og lokalisering av transformatorstasjon i Bremanger.

Eventuelle kommentarer sendes Olje- og energidepartementet **innen 26. oktober d.å.**

Med hilsen


Harald Solli (e.f.)
avdelingsdirektør


Petter Lem Gullestad
rådgiver

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
<http://www.oed.dep.no/>

Kontoradresse
Einar Gerhardsens plass 1

Telefon
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Energi- og
vannressursavdelingen
22 24 95 68

Saksbehandler
Petter Lem Gullestad
22246343

Adresseliste:

Bremanger kommune; Postboks 104; 6721 SVELGEN

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Myklebust grunneigarlag v/Ole Elde; 6737 Ålfoten

Roald Solheim; 6737 Ålfoten

Roald Solheim; 6224 Hundeidvik

Førde grunneigarlag v/ Sigmund Midthjell; 6737 ÅLFOTEN

Førde grunneigarlag v/advokat Lothe; Postboks 138; 6821 Sandane

Fra: Gullestad Petter Lem
Sendt: 14. februar 2012 10:06
Til: Wiken Else
Emne: VS: NVEs innstilling

Fra: Gullestad Petter Lem
Sendt: 9. november 2011 15:59
Til: 'Tom.Joensen@bremanger.kommune.no'
Emne: NVEs innstilling

Vedlagt NVEs innstilling.

Mvh
Petter Lem Gullestad
Olje- og energidepartementet



Internt notat - KN 19/11

Til:	Olje- og energidepartementet
Fra:	Siv Sannem Inderberg <i>Siv Sannem Inderberg</i>
Ansvarlig:	NVE - Seksjon for nettkonsesjon v/Tormod Eggan
Dato:	27.09.11
Saksnr.:	NVE 200701252-2496
Arkiv:	611
Kopi:	Statnett, alle som har hatt merknader til tilleggssøknaden for Ålfoten-Moskog

NVEs anbefaling til OED angående tilleggssøknad fra Statnett i klagebehandlingen av 420 kV Ørskog-Sogndal:

Strekningen Ålfoten-Moskog

Innhold

1. Konklusjon.....	2
2. Innledning.....	2
3. Bakgrunn for tilleggssøknaden.....	3
4. Prosess	4
5. Merknader til tilleggssøknadene.....	5
4.1 Kommuner.....	5
4.2 Regionale myndigheter	11
4.3 Sentrale myndigheter	13
4.4 Sentrale og regionale interesser	13
4.5 Grunneiere, privatpersoner og lokale interesseorganisasjoner	16
Ørskog kommune.....	16
Sykkylven kommune	18
Ørsta kommune.....	21
Bremanger kommune.....	23
Flora kommune.....	24
Naustdal kommune	24
Førde kommune	27
Jølster kommune.....	28
Andre	29
5.1 NVEs vurdering av nye trasealternativer og plassering av Ålfoten transformatorstasjon i Bremanger	29
5.2 Vurdering av ny omsøkt trasé Endestadvatnet-Moskog og vurdering mot konsesjonsgitt trasé35	

1. Konklusjon

NVE anbefaler OED å opprettholde NVEs konsesjonsvedtak av 10.06.09 for strekningen Endestad-Moskog. Vi mener at konsesjonsgitt trasé vil medføre færre negative virkninger for omgivelsene totalt sett enn alternativ 1.18-2.0 (2.16)-2.0 (2.12/2.14/2.14a) på samme strekningen. Hovedbegrunnelsen er knyttet til at konsesjonsgitt trasé er 8-9 km kortere, traseen går på lange strekninger parallelt med eksisterende 132 kV ledning slik at inngrepene samles, større inngrepsfrie områder unngås og ledningen blir mindre synlig fra bebyggelse og utfartsområder enn det østre hovedalternativet.

NVE anbefaler at OED legger til en presisering i vilkår om skogrydding: Det skal gjennomføres begrenset skogrydding i størst mulig grad, med spesiell fokus på de strekningene hvor det er satt vilkår om kamuflerende tiltak, *samt i viktige friluftslivsområder hvor traseen krysser eller går nær turstier.*

NVE har vurdert Statnetts utredninger av alternative traseer i Bremanger og alternativ plassering av Ålfoten transformatorstasjon. Vi konstaterer at ingen nye alternativer er omsøkt. På bakgrunn av de fagutredninger som er gjort både med hensyn på landskap, klimatiske forhold, ras og friluftsliv, støtter NVE Statnetts vurderinger om at de utredete alternativene vil gi dårligere løsninger enn tidligere konsesjonsgitte løsning.

2. Innledning

NVE fattet den 10.06.09 vedtak om å gi Statnett SF konsesjon og ekspropriasjonstillatelse til å bygge en ca. 280 km lang 420 kV kraftledning fra Ørskog transformatorstasjon til Sogndal transformatorstasjon etter nærmere angitt trasé. NVEs vedtak ble påklaget og saken er til behandling i Olje- og energidepartementet (OED). OED fattet 08.04.11 endelige vedtak for deler av 420 kV kraftledningen mellom Ørskog og Sogndal. Dette gjelder strekningene Ørsta-sørsiden av Hundvikfjorden og Moskog-Sogndal. OED har pålagt Statnett å utrede og søke om alternative traseer og løsninger på de resterende delstrekningene. NVE mottok 06.04.11 tilleggssøknader fra Statnett på to delstrekninger i prosjektet 420 kV Ørskog-Sogndal.

Tilleggssøknaden for strekningen Ørskog-Ørsta berører Ørskog, Sykkylven og Ørsta kommuner og omfatter søknad om:

- Alternativ trase fra Store Standal i Ørsta kommune til Ørskog transformatorstasjon i Ørskog kommune. Traseen sammenfaller i hovedsak med eksisterende trase for 132 kV kraftledning mellom Ørsta og Ørskog.
- Ny 420/132 kV transformatorstasjon i Sykkylven (to alternative lokaliseringer i Vikedalen og Aurdalen).
- Sanering av eksisterende 132 kV kraftledning mellom Ørsta og Ørskog.
- 420 kV sjøkabel fra Store Standal i Ørsta til Ørskog i Ørskog kommune med tilhørende muffestasjoner og jordkabel frem til muffestasjonene. Sjøkabel er et alternativ til de tre første punktene og er av Statnett prioritert bak en løsning med en ny transformatorstasjon i Sykkylven.

I tillegg søker Statnett på vegne av Tussa Nett AS om omlegging av eksisterende 132 kV ledning fra Sykkylven til Stranda inn mot en ny transformatorstasjon i Sykkylven og flytting av eksisterende 132/22 kV transformering ved Haugset til nye Sykkylven transformatorstasjon.

Tilleggssøknaden for strekningen Ålfoten-Moskog berører Bremanger, Flora, Naustdal, Førde og Jølster kommuner og omfatter:

- Utredning og søknad om alternative traseløsninger fra Endestadvatnet i Flora kommune til Moskog transformatorstasjon i Jølster kommune.
- Utredning og vurdering av alternative traseløsninger på strekningen Åskåra-Hjelmevatnet i Bremanger kommune.
- Utredning og vurdering av alternativ plassering av Ålfoten transformatorstasjon ved Åskåra kraftverk.

Statnett SF søker også om ekspropriasjonstillatelse (oreigningsloven av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for nødvendig grunn og rettigheter for å bygge og drive de elektriske anleggene, herunder rettigheter for all nødvendig ferdsel/transport. Samtidig søkes det om forhåndstiltredelse (oreigningsloven § 25) som innebærer at grunn og adkomstrettigheter kan tas i bruk før skjønn er avholdt.

3. Bakgrunn for tilleggssøknaden

NVE ga 10.06.09 Statnett konsesjon til å bygge og drive en 420 kV kraftledning fra Ørskog transformatorstasjon til Sogndal transformatorstasjon, nye 420/132 kV transformatorstasjoner i Ørsta, Ålfoten, Høyanger og Sogndal og utvidelse av eksisterende transformatorstasjoner i Ørskog og Moskog. I tillegg ga NVE konsesjon til en 132 kV jordkabel mellom ny transformatorstasjon på Hovdenakk til eksisterende Haugen transformatorstasjon i Ørsta kommune, to nye 1 km lange 132 kV kraftledninger fra Høyanger transformatorstasjon til fjellet nord for Eiriksdalen og omlegging av eksisterende 300 kV ledninger mellom Fardal og Sogndal transformatorstasjon. NVE satte også vilkår om at eksisterende 132 kV ledninger mellom Haugen og Leivdal, mellom Moskog og Høyanger og mellom Stølsdalen og Fardal skal rives.

NVE mottok 75 klager på vedtaket. Etter å ha vurdert klagen, oversendte NVE klagen til Olje- og energidepartementet (OED) 07.10.09. OED gjennomførte en befaring oktober 2009.

OED ba i brev 23.12.09 Statnett om å utrede og vurdere en sjøkabeløsning mellom Ørskog og Store Standal i Hjørundfjorden, samt å vurdere en mulig transformatorstasjon i Sykkylven kommune. OED ba i brev av 10.05.10 Statnett om å søke konsesjon for et trasealternativ med ny transformatorstasjon i Sykkylven kommune med tilhørende sanering av eksisterende 132 kV ledning Ørskog - Sykkylven - Haugen. I brev av 09.11.10 ba OED Statnett om ytterligere utredninger:

"Departementet ber Statnett om å omsøke et sjø-/jordkabelalternativ mellom Ørskog og Store Standal i Ørsta kommune. Alternativet er tidligere utredet i Statnetts rapport av februar 2010. Departementet ber videre om at Statnett omsøker tidligere utredet alternativ 2.0-1.18 i Jølster, Naustdal og Flora kommuner. Departementet ber Statnett utrede ytterligere alternativer som i større grad enn ved konsesjonsgitt løsning unngår inngrep i Førdedalen i Bremanger kommune. Departementet ber om at det utredes en trasé på sørsiden av Hjelmevatnet og ned vest for Vasslidvatnet til konsesjonsgitt transformatorstasjon i Førdedalen, samt et alternativ med å la traseen fortsette oppe på fjellet og gå ned direkte ved Åskåra og eventuelt ny transformatorstasjon her. Departementet ber Statnett omsøke slike løsninger."

OED fattet endelig vedtak for to delstrekninger 08.04.11 med følgende vedtak:

"Olje og energidepartementet stadfester NVEs vedtak av 10. juni 2009 om anleggskonsesjon og ekspropriasjonstillatelse til en 420 kV kraftledning for delstrekningene fra ny transformatorstasjon i Hovdenakken i Ørsta kommune til sør for Hundvikflorden i Bremanger kommune, og strekningen fra

Moskog transformatorstasjon i Jølster kommune til ny transformatorstasjon i Sogndal kommune med følgende unntak:

- mellom Leivdal og Vetten i Eid kommune skal kraftledningen følge det østlige omsøkte alternativet for kryssing av Hornindalsvatnet,*
- mellom Moskog og Høyanger transformatorstasjoner skal kraftledningen følge det vestlige omsøkte alternativet og*
- anleggsveien til ny Sogndal transformatorstasjon på Skardsbøfjellet skal gå fra Øvstedalen."*

Statnett leverte 06.04.11 tilleggssutredninger og -søknader for de resterende strekningene.

4. Prosess

NVE sendte tilleggssøknaden på høring 13.04.11.

Følgende ble direkte orientert om høringen av tilleggssøknadene: Ørskog kommune, Sykkylven kommune, Ørsta kommune, Jølster kommune, Naustdal kommune, Førde kommune, Bremanger kommune, Flora kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal fylke, Direktoratet for naturforvaltning, Luftfartstilsynet, Statens Landbruksforvaltning, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Forsvarsbygg, Kystverket Midt-Norge, Riksantikvaren, Statens strålevern, Statens vegvesen region midt, Statens vegvesen region vest, Bellona, Bonde- og småbrukarlaget i Møre og Romsdal, Bonde- og småbrukarlaget i Sogn og Fjordane, Den Norske Turistforening, Den Norske Unesco-kommisjonen, Flora Turlag v/Espen Lothe, Fortidsminneforeninga, Friluftslivets fellesorganisasjon, LO Møre og Romsdal, Meteorologisk Institutt, Møre og Romsdal Bondelag, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, NHO Møre og Romsdal, NHO Reiseliv, Norges Jeger- og fiskerforbund, Norges jeger- og fiskerlag – Møre og Romsdal, Norges jeger og fiskerlag – Sogn og Fjordane, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norsk Ornitologisk Forening, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, Sogn og Fjordane Turlag, Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, Ålesund og Sunnmøre Turistforening, Istad Nett AS, SFE Produksjon AS, SFE Nett AS, Sogn og Fjordane Energi Nett AS, Sogn og Fjordane Energi Produksjon AS, Sunnfjord Energi AS, Sykkylven Energi AS, Tafjord Kraftnett AS, Telenor Telecom Solutions AS, Tussa Nett AS.

Statnett informerte alle berørte grunneiere, samt grunneiere som er berørt av tidligere konsesjonsgitte alternativer på de delstrekningene hvor det nå er omsøkt alternative løsninger/traseer i eget brev.

I tillegg fikk følgende saken til orientering: Olje- og energidepartementet, Miljøverndepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Norsk institutt for by- og regionforskning.

NVE kunngjorde høringen i følgende aviser to ganger: Firda, Firdaposten, Fjordenes Tidende, Bygdebladet, Møre-Nytt, Sunnmørsposten og Sykkylvsbladet. Ved en feiltakelse hos NVEs leverandør av kunngjøringer ble ikke høringen kunngjort som den skulle. Dette medførte at planlagt folkemøte 27.04.11 i Sykkylven ble avlyst pga manglende kunngjøring. Møte med Sykkylven kommune ble allikevel holdt denne datoen. Nytt folkemøte ble avholdt 11.05.11 i Sykkylven. Ca 150 personer deltok på folkemøtet.

OED ba i e-post 15.06.11 NVE kreve tilleggssutredning for ytterligere et alternativ for plassering av en eventuell transformatorstasjon i Sykkylven i tråd med krav fra Sykkylven kommune. NVE sendte i brev 16.06.11 krav om dette til Statnett. Statnett sendte 12.09.11 over en ytterligere tilleggssøknad for

en tredje lokalisering av en eventuell transformatorstasjon i Sykkylven. Denne er sendt på høring med høringsfrist satt 10.10.11 for søknad etter energiloven og 31.10.11 for søknad etter oreigningsloven.

OED har bedt NVE sende sine vurderinger så raskt som mulig på grunn av stort tidspress i saken. NVE har derfor blitt enig med OED om å oversende vurderingene for tilleggssøknaden som omfatter strekningen Ålfoten-Moskog i eget notat. NVE vil oversende vurderingene for strekningen Ørskog-Ørsta i eget notat når høring av tilleggssøknaden for en tredje alternativ lokalisering av Sykkylven transformatorstasjon er avsluttet. Alle høringsuttalelser som er mottatt til tilleggssøknadene for begge strekninger i løpet av høringen våren 2011, er imidlertid sammenfattet i dette notatet. En del uttalelser gjelder for begge søknader og vi har derfor ikke sett det hensiktsmessig å dele opp sammenfatningene.

5. Merknader til tilleggssøknadene

4.1 Kommuner

Ørskog kommune sendte i brev av 15.06.11 følgende vedtak fattet av kommunestyret 09.06.11:

"Ørskog kommunestyre støttar arbeidet for å sikre sikker straumforsyning til Midt-Norge snarast mogleg.

Ørskog kommunestyre kan ikkje sjå at Statnett i si utgreiing har teke tilstrekkeleg omsyn til at Ørskog og Sjøholt tettstad er lokalsamfunn som må kunne pårekne og arbeide for ei positiv amfunnsutvikling.

Ørskog kommunestyre kan støtte Statnett sin konsesjonssøknad som gjeld hovudalternativ 2 under føresetnad av at framtidig 420 kv-leidning følgjer trasen for dagens 132 kv-leidning på strekninga Giskemo — Gausneset. Ørskog kommunestyre ber derfor om at Statnett greier ut korleis ein praktisk får dette til.

Ørskog kommunestyre føreset at dagens 132 kv-leidning blir sanert umiddelbart etter bygging av 420 kv-leidning for strekninga Ørskog Ørsta.

Ørskog kommune vil på det sterkaste ta avstand frå å etablere eit sjø/jordkabelalternativ med ilandføring i Presteøyane eller i Skråvika i Ørskog kommune. Desse to alternativa vil ha svært negative konsekvensar for utviklinga av lokalsamfunnet."

Sykkylven kommune vedtok i kommunestyret 30.05.11 følgende enstemmige vedtak:

"A. Sjø- og jordkabel

- Det gis konsesjon for bygging av sjø- og jordkabel på strekninga frå Store Standal (Ørsta) til Ørskog transformatorstasjon, etter Statnett sin konsesjonssøknad.. Dette vil vere den beste miljøløysinga for Sunnmøre samla sett.*

- Vi vil ikkje under nokon omstende godta konsesjonsgitt løysing om ny 420 KV-kraftline i tillegg til eksisterande 132 KV-kraftline gjennom kommunen og over fjordane i området. Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag har vore engasjert gjennom heile prosessen i saka. Vårt mål er at best mogleg miljøløysing veljast. Derfor har det vore viktig å få på plass ein konsesjonssøknad på kabel, slik at dette alternativet kan vurderast på ein fullgod måte opp mot dei andre alternativa. Vi er derfor opptekne av at kabelalternativet no får ei skikkeleg vurdering også i lys av omsynet til miljøet i tillegg til dei tekniske omsyn.*

Vi meiner det er gode grunner til å velje sjøkabel på strekninga Store Standal-Ørskog. Vi viser til punkta i vedlagte høyringsuttale frå konsesjonshandsaminga til NVE av konsesjonsgitt løysing, og ber om at desse vert lagt til grunn i handsaminga av tilleggskonsesjonane. I tillegg vil vi understreke dei

nye elementa som har kome fram i tilleggsgutgreiinga frå Statnett (februar 2010) og konsesjonssøknaden frå Statnett (mars 2011):

- Vi kan ikkje akseptere at det vert konkludert med at sjø- og jordkabel ikkje er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Fagutvalet som blei satt ned i samband med kraftlinja i Hardanger greidde ikkje å konkludere med om kabel var samfunnsøkonomisk lønnsamt eller ikkje. Kabel vil ivareta naturkvalitetane på Sunnmøre totalt sett på ein optimal måte. Desse kvalitetane har det vist seg vanskelege å prissette. Då er det heller ikkje grunnlag for å seie at kabel ikkje er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Dette er og blir ein politisk vurdering av korleis ein vil vekte ulike kvalitetar og interesser.
 - Kabel kan realiserast på strekninga Store Standal-Ørskog med bruk av kjent og kommersielt tilgjengeleg teknologi. Dette er eit sterkt argument for å nytte kabel på denne strekninga, gitt at ei slik løysing oppfyller dei politiske føringane for val av kabel, noko vi meiner ho gjør (sjå punkt om miljøvurderingar nedanfor). Statnett konkluderer også med at det ikkje er sannsynleg med uforutsette problem ved val av kabel.
 - Kabel tek i vare omsynet til innmating av småkraft på strekninga.
 - Forsyningsikkerheita ved val av kabel blir god, då eksisterande 132 kV-linje er operativ i tillegg til ny 420 kV-linje.
 - Ved val av alternativ 2 for plassering av muffestasjon på Store Standal, vil ein få ei skånsom løysing som tek i vare kvalitetane i lokalsamfunnet der, og den nye linja vil ikkje bli særleg synleg frå Hjørundfjorden som er ein viktig reiselivsdestinasjon.
 - Statnett meiner ei kabelløysing kan stå ferdig i 2016. Olje- og energiministeren har tidlegare uttalt at linja skal stå ferdig til 2015. Vi ber om at følgjande innspel frå Statnett i brev til OED 10.05.10 vert lagt til grunn i vurderinga av kva som er akseptabelt tidspunkt for ferdigstilling av delstrekninga Store Standal-Ørskog:

”Ørskog-Fardal er svært viktig for å bedre forsyningsikkerheten og importkapasiteten inn til Midt-Norge, som i dag er et område med energiunderskudd. For å redusere konsekvensene av at endelig vedtak for hele forbindelsen trekker ut i tid, vil Statnett anmode om at OED vurderer muligheten for å kunne gi konsesjon på en delstrekning, gjennom et delvedtak. For at Statnett skal kunne igangsette bygging basert på et slikt delvedtak, må det gis konsesjon til en lang nok delstrekning til at denne gir tilstrekkelig nytte i seg selv, både anleggsteknisk og for forsyningsikkerheten. Vi vil derfor anmode om at det gis delvedtak på strekningen Sogndal - Ørsta, mens strekningen Ørsta - Ørskog tas under ny konsesjonsbehandling. Dersom det foreligger et delvedtak høsten 2010, vil det være mulig å få mesteparten av ledningen på drift i løpet av 2013, slik at man bedrer forsyningsikkerheten i Midt-Norge, samtidig som det blir mer kapasitet til å få ny fornybar energi på nettet.” (vår utheving)
- Det føreligg no ein slik delkonsesjon som Statnett her ber om. Vi legg derfor til grunn at Statnett står ved at delkonsesjonen i seg sjølv betrar forsyningsikkerheita, og at ein derfor har tid til å vente til 2016 på ferdigstilling av kabel på strekninga Store Standal-Ørskog.
- Kostnaden ved val av kabel er satt til 2400 MNOK. Kostnaden må sjåast i samanheng med samfunnsnyttan av kraftlinja og omsynet til naturkvalitetane (ikkje mogleg å prissette). Store verdier blir ført attende til samfunnet gjennom dei industrietableringane som krev mest kraft i Midt-Noreg. Samstundes må investeringa sjåast i samanheng med levetida på anlegget. Kostnaden må fordelast på ei levetid på 50-100 år.
 - Kabel er den beste miljøløysinga for Sunnmøre totalt sett. Tabellen nedanfor synleggjer miljøvurderinga til Statnett i konsesjonssøknaden. Vurderinga må tolkast dit hen at kabel gir særlege

miljøfordelar. Dermed er det i tråd med energilova å velje ei kabelløysing på denne strekninga (Ot.prp. 62 2008-2009: "Jord- eller sjøkabel (...) kan også være aktuelt på strekninger der det gir særlige miljøgevinster på 300 kV og 420 kV")

Konklusjon: Det er grunnlag for å gi konsesjon for sjø- og jordkabel frå Store Standal til Ørskog. Dette er teknisk mogleg og i tråd med vedteken politikk frå regjering og Storting.

B Saneringsalternativet

Saneringsalternativet vil medføre negative konsekvensar for Sykkylven og fjordane på Sunnmøre. Sykkylven kommune er den kommunen som blir hardest ramma av luftspennet. Ålmenne interesser vert påført store skader og ulemper. Utbyggingsområdet var ein del av eit fjordlandskap av internasjonal verdi, som har stor betydning for reiselivet. Utbygginga vil ha store negative konsekvensar for landskapsverdiene og kan bidra til å svekke regionen sin eigenart.

- 420 kV-lufillinje tvers gjennom kommunen, i lavlandet der folk ferdast
- 420 kV-luftspenn over Hjørundfjorden, Sykkylvsfjorden og Storfjorden
- Luftspenn og mastene er ei visuell forureining
- Plasskrevjande, ny 420 kV-transformatorstasjon med tilhøyrande infrastruktur i attraktive naturområde i Sykkylven.

Basert på denne tilnærminga vil vi stille følgjande krav om tillegg i ein eventuell konsesjon til denne løysinga:

Sykkylven kommune kan ikkje godta lokalisering av ny transformatorstasjon i Vikedalen eller på Aurdal. Sykkylven kommune krev difor at det blir søkt om konsesjon på ny transformatorstasjon aust for Åsetsetra ved foten av Borgundkollen med veg frå Vikedalen. Sjå vedlagt kart. Sykkylven kommunestyre krev at Statnett tek dei ekstra utbyggingskostnadane dette alternativet inneber. Når det gjeld vedlikehald av vegen til anlegget, er det Statnett sitt ansvar. Sykkylven kommunestyre vil ikkje tilrå at ny transformatorstasjon vert lokalisert til alternativ 4 – Aurdal med bakgrunn i:

- Auka driftskostnader i nettet
- Større utviding/investering i lokalt høgspennnett
- Større avstand til tyngdepunktet i nettet
- Inga sanering av 7 km lokalt og sentrumsnært høgspennnett
- Inga samdriftsfordelar mot andre infrastrukturområder som til dømes VA og fiber.
- Miljømessig svært uheldig plassering
- Mykje nytta områda til tur og rekreasjon

Sykkylven kommunestyre vil ikkje tilrå at ny transformatorstasjon vert lokalisert til alternativ 7 – Vikedalen nedre med bakgrunn i:

- Eit av dei mest nytta områda til tur og rekreasjon
- Det blir tre lufillinjer i retning Heiane noko som vil bli svært skjemmande.
- Ligg nær det største bustadområdet i Sykkylven

- Miljømessig svært uheldig plassering
- Tilkomst til Vikedalen er ikkje tilfredsstillande då den går gjennom tett bebyggt område
- Utforming transformatorstasjon. Den nye 420 kV-transformatorstasjonen i Sykkylven må få ei utforming som gjer at han i seg sjølv blir ein "attraksjon" i kraftbransjen og for andre som er interesserte i korleis tekniske installasjonar kan innrettast i attraktive naturområde. Dette kan til dømes løysast ved at transformatorstasjonen blir eit pilotprosjekt for korleis denne typen installasjonar kan tilpassast naturkvalitetar. Døme på tiltak kan vere bruk av landskapsarkitekt og kreative løysingar på inngjerding utanfor dei områda som er regulert gjennom reglar for sikkerheit. Så langt som mogleg må også synlege bygningar utformast på ein måte som er tilpassa det attraktive naturområdet stasjonen blir plassert i.
- Skulpturmast. Med saneringsalternativet vil vi få synlege master. Då kan ei eller fleire av dei strategisk plasserte mastene gjerast synlege på ein attraktiv måte i form av skulpturmast. Gjennom møbelindustrien er Sykkylven godt kjent for si skaparglede og evne til å designe attraktive løysingar. Derfor kan det bli ein positiv attraksjon med ei eller fleire skulpturmast som symboliserer det Sykkylven står for. Lokal kompetanse må takast med i utforminga av skulpturmastene. Området rundt desse mastene må bli opparbeida slik at dei aktivt kan bli nytta som ein attraksjon i reiselivssamanheng.
- Forbetring lokalt nett. Det må ikkje gjevast endeleg konsesjon på plassering av transformatorstasjon før Heiane er utgreidd.
- Auka tilgong til Heiane. Når det først kjem brøyta heilårsveg i samband med bygginga av transformatorstasjon, må det samstundes opparbeidast ein heilårs parkeringsplass som kan nyttast til friluftsliv i området..
- Kamuflasje. Statnett legg opp til ei utstrakt bruk av kamuflasjemast på den nye linja gjennom Sykkylven. Det er viktig at dette tiltaket blir forankra i konsesjonen.
- Økonomisk kompensasjon. Behovet for den nye kraftlinja skuldast behov for meir kraft i heile Midt-Noreg. Fordelane av den nye kraftlinja kjem derfor til nytte i ein stor region. Thema Consulting Group har på oppdrag frå fylkeskommunane i regionen utreda og konkludert med at kraftlinja vil utløyse investeringar på 90 mrd kroner i regionen. Belastninga med framføringa av linja blir derimot avgrensa til spesifikke område i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Dette er område som har særlege miljøkvalitetar. Desse kvalitetane vert nytta i marknadsføring av næringslivet og rekruttering av kompetanse for framtida. Om Sykkylven sine naturressursar vert stilt til disposisjon for fellesskapet i Midt-Noreg er det urimeleg og uakseptabelt at vi, som vertskommune, ikkje skal få sin del av dei verdiane som på denne måten vert skapt. Kommunen, som ei av dei som blir hardast ramma, må difor få økonomisk kompensasjon i lys av den betydelege nytta storsamfunnet har for denne linja.
- Grunneigarane sine interesser må takast i vare.

Kommentarar til val av trasé:

- Gjevenes/Hundeidvik: Traséalternativ 1A må veljast slik at linja kjem lengst mogleg vekk frå bustadene
- Aurdal: Traseen for 1.0 bør gå over Rømerhornheiane slik at linja kjem lengst mogleg vekk frå bustadene
- Vinsneset: Endringa i traseen vekk frå hytta i området er å føretrekke

- Tynesfjellet: Linjeføringa over Tynesfjellet må justerast i samband med tidlegare innspel, og eventuelt val av fjordspenn over Vikedalen.
- Sætre: På Sætre må linja trekkast lengre unna planlagt bustadområde

Stråling

Vi legg til grunn at endeleg konsesjon tek omsyn til at ingen blir utsett for farleg stråling eller stråling som hindrar folk i å ferdist fritt i områdene der kraftilinja kjem. Sykkylven kommune krev uttale frå Statens strålevern i samband med etablering av trafostasjon og høgspennlinjer i kommunen

Styringsgruppemandat:

Kraftilinjegruppa til Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag får fullmakt til å jobbe vidare med å få gjennomslag for innhaldet i høyringsuttalen. Dersom det vert gitt konsesjon til saneringsalternativet, treng Sykkylven kommune og lokalbefolkninga meir tid i samråd med Statnett for å finne best mogleg plassering av trafostasjonen og korreksjonar i linjetraseen."

Ørsta kommune vedtok enstemmig følgende vedtak i kommunestyret 26.05.11:

"Ørsta kommunestyre viser til ny tilleggsutgreiing frå Statnett datert april 2011 og tidligare fråsegner i høve søknaden om framføring av ny 420 kV krafteleidning mellom Ørskog og Fardal. Kommunestyret vurderer saneringsalternativet med riving av eksisterande 132 kV nett og ny 420 kV leidning på austsida av Hjørundfjorden som minst skadeleg og einaste alternativ, som Ørsta kommune kan akseptere.

Ørsta kommunestyret gjentek sitt krav om økonomisk kompensasjon for den forringinga ei 420 kV linje vil representere gjennom vår kommune på lik linje med det som nyleg vart gjeve i Hardanger."

Ørsta kommune reagerer i brev av 06.07.11 på høyringsuttalelsen fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det påpekes at Fylkesmannen har lagt feil fakta til grunn for prioriteringa av alternativene i sin høyringsuttalelse. Kommunen påpeker at det er en føresetnad at eksisterende leidning skal rives. Kommunen reagerer også på at Fylkesmannen vektlegger stor rasfare vest for fjorden når Statnett ikke har prioritert mellom alternativene og at hensynet til bebyggelse ikke er omtalt.

Bremanger kommune vedtok følgende vedtak i Formannskapet 01.06.11:

1. "Bremanger kommune registrerar at Statnett ikkje har utført oppdraget med å søkje nye traseer som pålagt av Olje- og Energidepartementet.
2. Bremanger kommune kan ikkje akseptere den valde løysinga gjennom Bremanger kommune for framføring av ny 420 kV krafteleidning mellom Ørskog og Sogndal.
3. Bremanger krev av alternativet med framføring av linja frå grov via Storbotn til transformatorstasjonen i Åskåra må tilstrekkeleg utgreiast spesielt med omsyn til klimalaster og meteorologiske forhold basert på lokale målingar."

Flora kommune vedtok følgende i Bystyret 14.06.11:

"Flora kommune meiner nytt trasèval 1.18 innafor kommunegrensa på delstrekninga Ålfoten — Moskog er eit mykje betre alternativ enn den som NVE tidlegare har gjeve konsesjon. (2.11). Dersom nytt trasèval 1.18 vert forkasta har Flora kommune fylgjande kommentarar til trasèen 2.11:

- Konsekvensane for dei fastbuande er ikkje tilstrekkeleg utgreidd.
- Linja må leggjast i kabel der det blir fastbuande nærare enn 200 m frå linja

- Mastene ved Endestadvatnet bør leggst lenger opp i lia slik at spennet vert lengre over Endestadvatnet slik at det kjem mindre i konflikt med dei fastbuande.

2. Flora kommune krev at berørte kommunar får kompensasjon etter same modell som vart brukt i Hardanger."

Naustdal kommune vedtok følgende vedtak i Kommunestyret 01.06.11 med 11 mot 10 stemmer:

"Naustdal kommunestyre kan ikkje akseptere vedtaket med konsesjon til linjealternativet 1.0 gjennom kommunen. Linja kjem tett opp til den største bukonsentrasjonen i Naustdal kommune. Dette har store negative konsekvensar både for bomiljø, nær-friområde og potensielle vekst og utviklingsareal i kommunen.

Naustdal kommunestyre krev at 420 kV linja for kryssing av Naustdal vert konsesjonssøkt for alternativet 1.18, kryssande over frå Savlandsstølen til tidlegare omsøkt trase 2.16 i Trodalen og vidare til Moskog i Førde.

Naustdal kommunestyre vil komme tilbake til krav om kabling av 420 kV lina forbi busetnad og til kompensasjon til lokalsamfunnet m.fl. og til kommunen for alle skader, ulemper og andre tap som 420 kV lene på tvers av kommunen vil føre til. Kommunestyret ynskjer spesielt å peike på tap av moglegheiter for utvikling av busetnad, tap av omdømme og generell svekking av dei naturverdiane som er beskrive både i samband med vern av vassdraget og i grunngrjevinga for oppretting av landskapsvernområde Naustdal – Gjengedal."

Førde kommune vedtok følgende i Bystyret 26.05.11:

"Ut frå ei samla vurdering rår Førde bystyre til at den 420 kV luftlinje frå Moskog og vest/nordover vert bygd etter alternativ 1.

Det er eit vilkår at noverande 132 Kv linje vert lagt i jordkabel over dalbotnen forbi Kvamme, med ei sløyfe til Tefre transformatorstasjon. Tilsvarende strekning luftlinje må deretter fjernast. Utføringa må skje i samarbeid med dei regionale selskap, og finansierast av utbyggjar.

Førde bystyret er innforstått med at noverande 66 kV linje vil bli sanert, når andre viktige knutepunkt for lokalforsyning vert kopla mot 132 kV linja.

Det må gjennomførast kamuflerande tiltak i kryssing av dalbotnen.

Førde kommune krev likebehandling med Hardanger, og at dei berørte kommunane i Sogn og Fjordane får ei erstatning på 100 mill."

Jølster kommune vedtok enstemmig følgende vedtak i Kommunestyret 24.05.11:

"Jølster kommune tilrår konsesjon, ekspropriasjonstillatelse og forhandstiltredelse for bygging og drift av ny 420 kV kraftlinje for alternativ 1.0.

Om anna alternativ ein 1.0 vert valt, vert det kravd kamuflering av linja. Jølster kommune går mot utbygging av Statnett SF sine alternativ 2.0 og 2.12 i nemnde rekkjefølgje."

I administrasjonens vurdering av tilleggssøknaden fremkommer bl.a.:

Skogbruk: Østenstad, Eikås og Støfring er gode skogområder. Alternativ 2.0 er mest negativ for skogbruket og vil bådlegge ca 180 dekar furuskog av god bonitet. Alternativ 2.12 vil båndlegge ca 140 dekar.



Vilt og fugl: Eikås, Østenstad og Grimsbøen er viktige vinteroppholdsplasser for hjort og det er dokumentert flere trekkruiter i området. Det har ikke vært tillat å jakte på skogsfugl i området de siste årene for å øke bestanden. Administrasjonen påpeker at konsekvensene for fugl ikke er godt nok utredet, og at kollisjonsfare, elektrokusjon og habitatsfragmentering kan ødelegge for økt bestand i området pga ødelagte spillplasser og økt predasjonsfare. Det er to hønsehaukreir i området som ikke fremkommer i søknaden.

Annet biologisk mangfold: I området er det registrert flere lokaliteter med lokal verdi i kommunens plan for biologisk mangfold: Dalevatnet (kulturlandskapssjø) nær 2.0, Støfring og Eikås (gammel edellauvskog) ved henholdsvis riksveien og nedkant av 2.12), Hatten (høyreist furuskog og viktig leveområde for storfugl) nord for E39 grensende til Førde kommune og i konflikt med alle alternativ.

Friluftsliv: Viktig nærfriluftsområde for hele området Vassenden-Førde. Området er registrert i FRIDA registeret.

Kulturminner: 2.0 berører ikke støler, mens 2.12 går på oversiden av stolene (100-150 meter unna flere).

Estetikk: Alle alternativene vil påvirke landskapsopplevelsen for hele Vassendenområdet med ca 1000 innbyggere. Gjelder spesielt 2.0 og 2.12.

Inngrepsfri natur: 2.12 og 2.14 vil redusere inngrepsfrie områder ved Høgeheia.

Helse: Ledningen bør ligge lengst mulig unna bebyggelse.

- 2. Bremanger kommune kan ikkje akseptere den valde løysinga gjennom Bremanger kommune for framføring av ny 420 kV kraftleidning mellom Ørskog og Sogndal.**
- 3. Bremanger kommune kreiv at alternativet med framføring av lina frå Grov via Storbotn til transformatorstasjon ved Førdspollen må tilstrekkeleg utgreiast med omsyn til klimalaster og meteorologiske forhold basert på lokale målingar.**

.....

Samrøystes vedtak i Bremanger Kommunestyre

- 13.06.06: ”*Delstrekningane, alternativa 1.11 og 1.12, høvesvis gjennom Førsdalen og langs Risebøra, må takast ut av det vidare arbeidet med konsekvensutgreiinga. Desse alternativa er problemfylte og må krakteriserast som uakseptable.*”
- 21.06.07: ”*Bremanger kommune krev utgreiing om alternativ linjetrasé mellom Grov i Flora og Åskora. Dersom alternativet Åskora – Grov er uaktuelt må ein følgje eksisterande trasé gjennom Myklebustalen*”
- 07.05.08: ”*Bremanger kommune ser det som uaktuelt å plassere ein trafostasjon ved Førdesetra slik som foreslått av Statnett i tilleggsgutgreiinga. ... ”BK krev utreda alternativ plassering av trafostasjon slik Førde Grunneigarlag har påvist og kome med henstillingar om i brev av 05.05.08.*”
- Trass i dette kjem Statnett med to alternative plasseringar av ein trafostasjon ved Førdesetra ! (i endeleg søknad, der dei heller ikkje kommenterer samrøystes politiske vedtak)
- 16.12.08 ”*Bremanger kommune krev at tranformatorplassering ved Svelgen og fjordkryssing ved Otteren vert vurdert*”
- Transformeringstasjon ved H, parallellføring med eksisterande linjetrasé gjennom Myklebustalen (21.06.07)

Fra: [Aiyathurai Sinthujah](#) på vegne av [!Postmottak OED](#)
Til: [Aiyathurai Sinthujah](#)
Emne: VS: Klagesak 420-kV-linja Ørskog - Fardal, linjeføringar gjennom Bremanger kommune
Dato: 15. desember 2011 14:34:19
Vedlegg: [Kart oppsummerte krav trasear Bremanger des2012.pdf](#)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Gullestad Petter Lem
Sendt: 15. desember 2011 13:13
Til: !Postmottak OED
Emne: VS: Klagesak 420-kV-linja Ørskog - Fardal, linjeføringar gjennom Bremanger kommune

Journalføres på saknr.
08/00123

Petter

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Førde Terje [<mailto:Terje.Forde@krysstrevisjon.no>]
Sendt: 15. desember 2011 09:55
Til: Vigdenes Ivar
Kopi: Høisveen Per H
Emne: SV: Klagesak 420-kV-linja Ørskog - Fardal, linjeføringar gjennom Bremanger kommune

Takk for tilbakemeldingen.

Eg sender over ei kort oppsummering kring dei alternative trasèar som er moglege å legge linja i, gjennom Bremanger.
Bremanger Kommunestyret/Formannskap har sagt klart ifrå at Førdedalen uansett skal skånast, og at det må vere heilt uaktuelt å legge både linjeføringar og transformeringsstasjonen i Førdedalen. Det er eit absolutt krav både for innbyggjarane/grunneigarane, Bremanger Kommune og Fylkeskommunen sine folkevalde !!! Vi håper man lytter til lokale innspill og dei vedtak som er gjort lokalt og regionalt på dette!

Eg legg ved kartskisser - 4 stk. - som fortel kva alternativ som er mogleg. Dei er velkjende frå før, men likevel ...

Alternativ 1, kart 1, viser trasèen Grov (i Flora) - Åskora (Bremanger). Ein trasè som kommunen, og grunneigarane, har kravd utreda, men som ikkje er omsøkt. Det er vel ikkje eitt alternativ no, slik vi ser det ?

Alternativ 2; kart 2, viser ein trasè på eggja mellom dalføra, som vil skåne inngrep i begge dalføra (Myklebustdalen og Førdedalen) og som er det alternative grunneigarane ønskjer sterkast. Grunneigarane har tilvist eigna plass for plassering av tranformeringsstasjon aust for Åskora Kraftstasjon.

Alternativ 3, kart 3, viser omsøkt linjetrasè med koplingsstasjon på H i Myklebustdalen, med vidare linjeføringar til Åskora, opp fjellsida autover til Hunvikfjellet (Eid kommune). Transformeringspunktet vil då ligge på omsøkt plass på H i Myklebustdalen, der det er store inngrep frå før (veg/linjeføringar, og lett tilgjengeleg for drift og vedlikehald, osv. - følgjer argumentasjonen til Statnett og NVE).

Ønskjer å formidle karta slik at det er klart kva alternativ som faktisk er lagt fram i høyringsrundane, og som ein ber om å bli høyrde på. Førdedalen er uaktuell. Vår oppfatning no er at det må vere ein trasè på eggja mellom dalføra; eller at ein går på omsøkte trasè, via transformeringspunkt H, med ei viss justering av mastepunktene og trasèen (bla. legg trasèen litt lenger vest frå Ålfoten Oppveksenter, og følgjer luftspennet til Åskora, og opp fjellsida; jfr. kartsnittet vedlagt (alt 3, som er omsøkt og utreda).

Igjen:

Vi håper fornuften blir teke omsyn til, der ein raserer minst mogleg av den vakre og urørde naturen

vår, og at fast busetnad blir skåna for linjeføringar tett innpå husa.

Vi har høyrte rykter om at kommuneliinga skal ha møte med OED før avgjerda blir teken, og då blir dette sikkert lagt fram på ein grundig og god måte; jfr. ovannemnde. Vi ser fram til ei positiv handsaming til beste for lokalsamfunnet og dei grunneigarar og nærståande partar som elles og uansett vil bli sterkt råka i denne saka.

Viser til filvedlegg.

Lukke til med avgjerda !

mvh

Terje Førde

Dagleg leiar/revisjonssjef

Mobil: 99229227

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Vigdenes Ivar [<mailto:Ivar.Vigdenes@oed.dep.no>]

Sendt: 13. desember 2011 17:12

Til: Førde Terje

Emne: Klagesak 420-kV-linja Ørskog - Fardal, linjeføringar gjennom Bremanger kommune

Hei Terje. Vi er nå inne i sluttbehandlingen av denne saken. Jeg takker for innspillet i mailen under.

Mvh

Ivar Vigdenes

Politisk rådgiver (Sp)

Olje- og energidepartementet

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Førde Terje [<mailto:Terje.Forde@kryssrevisjon.no>]

Sendt: 2. desember 2011 12:47

Til: Høisveen Per H

Kopi: Vigdenes Ivar

Emne: Klagesak 420-kV-linja Ørskog - Fardal, linjeføringar gjennom Bremanger kommune

Sender over brennheit sak i Bremanger, som ikkje blir lytta til frå korkje NVE eller Statnett si side ang linjeføringane gjennom Bremanger kommune, 420-kV-linja Ørskog - Fardal. Viser til tidlegare korrespondanse.

Sender avisoppslaget i Fjordenes Tidende mandag 28. d.m. - til orientering.

Vil urørd natur bli skånt, lytter man til lokaldemokratiet, grunneigere og lokalt og regionalt folkevalde (Nei - ikkje hittil) som heile vegen har vore krystallklare på at urørd natur skal skånast, og linjene skal leggst utenom fast busetnad, når det finst andre alternativ som er godt eigna og som er i tråd med krava som ligg føre i høyringane, og som også er i tåd med Statnett sine egne strategidokument når det gjeld bygging av nye linjeføringar (som primært då skal gå med parallellføring med eksisterande linjetraséar.

Vi er spente på korleis dette skal gå til slutt ??? Det er store forventningar til at grunneigarar og lokalt og regionalt folkevale skal bli lytta til. De kan legge linjeføringane via omsøkte H i Myklebustdalen, eller på eggja mellom dalføra Førdedalen/Myklebustdalen i Bremanger kommune, slik at ein skåner begge dalføra. Transformeringsstasjonen kan ligg ved Åskora Kraftstasjon, slik grunneigarane og dei folkevalde har tilvist plass for og krav i uttalige innspel og klager.

Veit De noko meir om kva tid eller dato beslutninga blir tatt ? Eg er takksam for svar.

Forutan avisartikkelen som stod på trykk (intervju med rådmannen i Bremanger) sist mandag, så viser eg til Førde Grunneigarlag sin siste høyringsuttale som er sendt via advokat Lothe & Mardal (sendt innan høyringsfristen).

mvh

Terje Førde

Grunneigar gnr. 117, Bnr. 1
Mobil: 99229227
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no; terje.forde@enivest.net

-----Opprinnelig melding-----

Fra: scanner@kryssrevisjon.no [<mailto:scanner@kryssrevisjon.no>]

Sendt: 30. november 2011 10:33

Til: Førde Terje

Emne: Message from "prtkommrev"

This E-mail was sent from "prtkommrev" (Aficio MP C3001).

Scan Date: 30.11.2011 10:32:36 (+0100)

Queries to: scanner@kryssrevisjon.no



**DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Se vedlagte adresseliste

Deres ref

Vår ref
08/00123-269


Dato
4.10.2011


420 kV kraftledning Ørskog-Sogndal – Innstilling fra NVE

Vedlagt følger NVEs innstilling til utredninger av nye traséer og lokalisering av transformatorstasjon i Bremanger.

Eventuelle kommentarer sendes Olje- og energidepartementet **innen 26. oktober d.å.**

Med hilsen


Harald Solli (e.f.)
avdelingsdirektør


Petter Lem Gullestad
rådgiver

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
<http://www.oed.dep.no/>

Kontoradresse
Einar Gerhardsens plass 1

Telefon
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Energi- og
vannressursavdelingen
22 24 95 68

Saksbehandler
Petter Lem Gullestad
22246343

Adresseliste:

Bremanger kommune; Postboks 104; 6721 SVELGEN

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Myklebust grunneigarlag v/Ole Elde; 6737 Ålfoten

Roald Solheim; 6737 Ålfoten

Roald Solheim; 6224 Hundeidvik

Førde grunneigarlag v/ Sigmund Midthjell; 6737 ÅLFOTEN

Førde grunneigarlag v/advokat Lothe; Postboks 138; 6821 Sandane

NOTAT

Til: SEKOM v/Vidar Øvrebø

Frå: Einar Ulla (konsulent)

Dato: 18.11.2013

SEKOM-sekretariat	
20 NOV. 2013	
J.nr.	i 540/13
Saksh. v/	Arkiv Bremanger
U.off. etter	

420 kV gjennom Bremanger kommune

Kontrollutvalet v/nestleiar mottok 14.10.2013 e-post frå Ole Elde angående 420 kV-linja gjennom Bremanger kommune. Eposten vart vidaresendt frå nestleiar til sekretariatet v/Vidar Øvrebø. Sekretariatet har diskutert saka med leiar i utvalet og fått klarsignal om å gjere undersøkingar om dette er sak for kontrollutvalet.

Innleiingsvis i e-posten frå Ole Elde er det ei oppmoding til kontrollutvalet til å undersøke og behandle ein del spørsmål angående saka om 420 kV gjennom kommunen. E-posten frå Ole Elde inneheld ei oppsummering frå brevskrivar sin ståstad om det som har skjedd i saka. I oppsummeringa i e-posten vil Elde at politikarane i Bremange kommune sender brev til den nye regjeringa der det vert teke sterk avstand til klageprosess og val av trase 1.11.2 gjennom den austlege delen av Myklebustdalen og gjennom sentrum av bygda. Ut frå e-posten er det altså to omsyn som Ole Elde vil ha kontrollutvalet og kommunen til å vurdere:

1. Klageprosessen i saka om val av trase for 420 kV – linja gjennom Bremanger kommune.
2. Å ta avstand til val av trase for 420 kV-linja gjennom Myklebustdalen i Bremanger kommune.

Dette notatet tek ikkje høgde for å ha vurdert alle moglege innspel og vurderingar som er gjort av forskjellige instansar i den opphavlege tildeling heller ikkje i klageomgangen. Det er forsøkt å gje eit bilete av den handsaminga som ha gått føre seg i dei organ som har hatt mynde til å gjere vedtak og i dei klageorgan som har hatt saka til handsaming i klageomgangen.

Historikk

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) vedtok 10.6.2009 tildeling av konsesjon på bygging og drift av 420 kV kraftlinja Ørskog – Fardal til Statnett. Vedtaket innebar bygging av linja som luftlinje. Traseen som vart vedteke gjennom Bremanger kommune gjekk gjennom Førdealen. Vedtaket vart påklaga frå fleire hald. Olje- og energidepartementet (OED) fekk klagesaka oversendt frå NVE i oktober 2009.

Det vart sett i gang ein omfattande klagebehandling, som gjekk over 26 månader. Innleiingsvis føretok embetsverket i dei relevante departement ei omfattande befaringsreise av dei omsøkte trasene i tillegg til dei alternativ som var omsøkt, men som ikkje var ein del av NVE sitt fyrsteinstansvedtak. Det vart gjennomført møte med alle berørte kommunar i den innleiande prosessen, og det var mellom anna arrangert eit samråd i Førde der alle berørte ordførarar var invitert til å delta.

I brev av 9. november 2010 ba departementet Statnett om å utrede og søke konsesjon for et alternativ som i større grad enn konsesjonsgitt løsning unngår inngrep i Førdedalen i Bremanger kommune. (Vedtaket 21.12.2011)

Etter at klagebehandlinga var avslutta vedtok OED i delvedtak 21.12.2011 å flytte trasen for 420 kV-linja gjennom Bremanger frå Førdedalen til Myklebustdalen. Det faglege grunnlaget for å flytte trasen var langt større grad av samlokalisering med eksisterande leidningsnett ved val av trase gjennom Myklebustdalen enn det opphavlege valet av trase gjennom Førdedalen, som var vedteke av NVE. Det vedtekte alternativet (gjennom Myklebustdalen) er 21 km langt, og 4 km av dette går gjennom Sjørdalen naturreservat. For å redusere verknadane i naturreservatet vart Statnett i vedtaket pålagt å legge eksisterande 66 kV-linje i kabel gjennom reservatet.

Eit kombinasjonsalternativ som ville berøre både Førdedalen og Myklebustdalen vart utelukka for å unngå inngrep i begge dalføre (Ref. Olje- og energiminister Ola Borten Moe sitt svar til Nikolai Astrup i spørsmål 314: 2012-2013 i Stortinget).

Statnett fekk 19.2.2013 avslag av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i sin søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for å føre 420 kV-linja gjennom Sjørdalen naturreservat. Fylkesmannen skriv i vedtaket at OED si endelege avgjerd datert 21.11.2011 i klagesaka om linetrase for 420 kV – kraftlina er ein konsesjon etter energilova, og at tiltaket er avhengig av dispensasjon frå verneforskrifta for den delen som går gjennom Sjørdalen naturreservat. Grunngevinga for vedtaket var at tiltaket er i strid med verneføremålet og kan påverke verneverdiane betydeleg.

Fylkesmannen sitt vedtak vart påklaga av Statnett i brev datert 28.2.2013. Fylkesmannen vurderte at klagen ikkje inneheldt nye moment, og oppretthaldt derfor tidlegare vedtak. Klagen vart sendt til Direktoratet for naturforvaltning for vidare handsaming. Direktoratet var samd med Fylkesmannen si vurdering om at andre alternativ enn trase gjennom Sjørdalen naturreservat måtte vurderast.

Miljøverndepartementet (MD) fekk saka oversendt frå direktoratet. MD si vurdering går i hovudsak ut på at ei vurdering av at andre alternativ enn linjeføring vedteke av OED 21.12.2011 ikkje er reelle alternativ på grunn av tidsforseinkinga ei endring av alternativ vil gje. MD legg sterk vekt på at den svært avgrensa linjekapasiteten for elektrisitetsforsyning til Midt-Norge gjer at det haster med å få 420 kV-linja mellom Ørskogs og Fardal på plass.

Denne vurderinga gjer at MD kan nytte Naturmangfaldlova § 48, . ledd som grunnlag for ei skjønntøving.

Miljøverndepartementet vedtok 29.5.2013 å gje dispensasjon til framføring av 420 kV kraftleidning gjennom Sørдалen naturreservat i tråd med Statnett sin søknad.

Sivilombudsmannen

Sivilombudsmannen mottok brev 28.2.2012 frå advokat Revheim på vegne av medlemmane i Myklebust grunneigarlag og Sigdestad grunneigarlag der det vart klaga på sakshandsaminga i klagesaka som OED gjorde delvedtak på 21.12.2011. Det vart i hovudsak vist til at departementet ikkje hadde føreteke ei forsvarleg vurdering av konsekvensane av ny kraftleidning, at det var lagt uriktige faktum til grunn for departementet si vurdering, og at grunngjevinga i vedtaket ikkje var tilstrekkeleg.

Sivilombudsmannen fant, etter gjennomgang av departementet sitt vedtak av 21.12.2011 og innsendte dokument frå klagarane, grunn til å undersøke saka nærare. Det vart sendt brev til OED med spørsmål om kvifor departementet hadde unnlate å vurdere kombinasjonsalternativet (Førdedalen og Myklebustdalen). Det vart også frå Sivilombudsmannen si side bedt om departementet si utgreiing av at ei linje gjennom Myklebustdalen sin austlege del vart vurdert til å vere ei betre løysing enn ei linje gjennom Førdedalen sin vestlege del.

Etter å ha vurdert svar frå departementet kom Sivilombudsmannen til at det «knytter seg begrunnet tvil til forhold av betydning i saken», og OED vart av Sivilombudsmannen bedt om å vurdere saka på nytt og særleg den grunngjevinga som var gitt i saka. Sivilombudsmannen ba om å bli orientert om departementet si fornya vurdering.

På heimesida til Sivilombudsmannen er det lagt inn ein kommentar etter avgjerda 29.10.2012. OED oppretthaldt sitt vedtak av 21.12.2011, men med ein meir utfyllande grunngjeving. Det står vidare:

«Departementet redegjorde bl.a. nærmere for hensynet til samlokalisering, herunder spørsmålet om hvor mye man tjener «samlokaliseringsmessig» på det valgte alternativet kontra de øvrige alternativene, samt betydningen av de ulike alternativene for befolkningen i området. Under henvisning til departementets utfyllende begrunnelse, fant ombudsmannen grunn til å la saken bero.»¹

Sivilombudsmannen har vurdert grunngjevinga for vedtaket. Vedtaket i seg sjølv er av skjønnsmessig karakter og er utanfor Sivilombudsmannen sitt område. Men grunngjevinga som departementet la fram i første omgang var ikkje tilfredsstillande. Departementet kom så tilbake med ein meir omfattande grunngjeving av sitt vedtak, og Sivilombudsmannen fann denne grunngjevinga tilfredsstillande og let dermed saka ligge.

¹ Artikkel på heimesida til Sivilombudsmannen. <https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/sak-om-ny-420-kv-kraftledning-gjennom-bremanger-kommune-krav-til-klageinstansens-begrunnelse-article2472-114.html>

Kontroll- og konstitusjonskomiteen

Dåverande Statsråd, Borten Moe, har i brev til Stortingets Kontroll- og konstitusjonskomité datert 7.12.2012 peikt på at alle sidene ved saka er grundig belyst i vedtaka, og gjennom alle dei spørsmål som er besvart av departementet i ettertid. Brevet er eit svar til kontroll- og konstitusjonskomiteen etter at komiteen sendte brev til statsråden der det blir bedt om kommentarar til påstandar som kjem fram i eit vedlagt brev frå Knut Elde. I brevet vert det langt på veg antydning at partifeller av statsråden i mykje større grad enn politikarar frå andre parti fekk høve til å møte politisk leiing i OED med sitt budskap i saka. Dette tilbakeviser Borten Moe i brevet til kontrollkomiteen. Kontroll- og konstitusjonskomiteen avslutta undersøkinga 18.12.2012 utan å finne grunn til å opne sak.²

Fjordane tingrett

Grunneigarar i Myklebustdalen v/Ole Elde m.fl. klaga inn sak om tiltreding av tomteareal til transformatorstasjonsområde i Ålfoten og klage på tilgang til linjetraseen gjennom Myklebustdalen.

Munleg forhandling vart halden i Fjordane tingrett, Førde 13. 8.2013. Ordscurd vart gjort 19.9.2013. Spørsmåla som vart vurdert i saka mellom Statnett og grunneigarar i Myklebustdalen er samanliknbare med spørsmåla som Elde vil ha vurdert av kontrollutvalet og kommunestyret.

Tingretten sine vurderingar

- Retten fann ikkje at det er ført bevis for at OED har lagt vekt på omsyn som ikkje er rettsleg relevante.
- Retten fann heller ikkje at det er ført bevis for at det er teke utanforliggende omsyn i OED sine avgjerder.
- Når det gjeld tingretten si prøving av klagar sine merknadar til sakshandsamingsfeil, mangelfull grunngjeving etter forvaltningslova (FL) §25 og manglande utgreiing etter FL § 17 – kontradiksjon har retten kome til at

«Grunngjevinga i OED sitt vedtak er godt nok rettsleg sett, og stetter dei krav som må stillast til grunngjeving i ei slik sak.»³

«Etter retten si vurdering viser departementet sine etterfølgjande merknadar at det ikkje hefter manglar med grunngjevinga i vedtaket som kan indikere svikt ved sjølv avgjerda, eller at avgjerdsgrunnlaget ikkje har vore forsvarleg.»⁴

«Det er også hevda at kontradiksjon ikkje er ivaretatt. Retten vil her peike på at

² Kontroll- og konstitusjonskomiteen, <http://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Komiteene/Kontroll-og-konstitusjonskomiteen/Initiativsaker-2009-2010/Vedrorende/>

³ Orskurd Fjordane Tingrett 19.9.2013, s. 15

⁴ Orskurd Fjordane Tingrett 19.9.2013, s. 17

vedtaket er resultat av omfattande prosessar i vedtaksomgangen og klageomgangen. Det er ikkje peika på konkrete feil i denne samanhengen som kan ha hatt noko å seie for innhaldet i vedtaket.»⁵

- Retten finn ikkje at det hefter feil ved OED sine vedtak verken når det gjeld faktagrunnlaget avgjerdene er basert på, rettsbruken eller saksbehandlinga.
- Tingretten fann også at kravet om utsett iverksetting ikkje vart teke til følge.

Tingretten ga Statnett rettsleg tilgang til traseen gjennom Myklebustdalen og transformatorstasjonstomta i Ålfoten i Bremanger.

Ordskurden frå tingretten er etter sekretariatet sin kjennskap anka til neste rettsnivå, lagmannsretten. Dette er etter opplysningar frå tingretten.

Konklusjon

Spørsmåla, eller omsyna, som Ole Elde vil ha kontrollutvalet til å vurdere, er som notatet viser blitt vurdert av fleire instansar.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget har vurdert spørsmål, som er svært like dei spørsmåla som kontrollutvalet har fått seg førelagt, og har ut frå deira undersøkingar valt å ikkje opne sak.

Sivilombudsmannen har hatt saka til vurdering med spørsmål knytt til spørsmål kontrollutvalet har fått. Vurdering av spørsmål om val av trase er utanfor Sivilombudsmannen sitt ansvarsområde, men Sivilombudsmannen har vurdert grunngjevinga for departementet sitt vedtak 21.12.2011. Grunngjevinga er etter Sivilombudsmannen tilfredsstillande og sivilombudsmannen har funne grunn til å la saka bero.

Grunneigarane klaga spørsmål knytt til dei spørsmål kontrollutvalet har fått til vurdering også til Fjordane tingrett. Tingretten ga Statnett rettsleg tilgang til traseen gjennom Myklebustdalen og transformatorstasjonstomta i Ålfoten. Saka er anka til neste rettsinstans.

Spørsmåla som kontrollutvalet har fått til vurdering er vurdert av fleire instansar. Det er ikkje kome fram noko som tilseier at vedtaket som OED gjorde 21.12.2011 var feil. Det er sjølv sagt slik at ein kan vere usamd med eit vedtak, men vedtaket er etter sekretariatet si oppfatning fatta på bakgrunn av korrekt bruk av rettsreglar og i samsvar med forvaltningslova sine krav om handsaming av saka.

Det er også eit viktig moment at ordskurden til tingretten er anka til lagmannsretten. Etter sekretariatet si vurdering bør saka ikkje handsamast i kontrollutvalet parallelt med handsaming i rettsapparatet.

⁵ Orskurd Fjordane Tingrett 19.9.2013, s. 17

Kjelder:

- E-post Frå Ole Elde til Leo Cirotzki, datert 14. oktober 2013 – 420 kV gjennom Bremanger kommune
- OED – sak 08/00123-336, datert 21.12.2011 - Vedtak 420 kV kraftledning frå Ørskog til Sogndal
- Stortinget – Kontroll- og konstitusjonskomiteen,
<http://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Komiteene/Kontroll--og-konstitusjonskomiteen/Initiativsaker-2009-2010/Vedrorende/>
- Sivilombudsmannen, uttale om klage på trasevalg 420 kV kraftlinje,
<https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/sak-om-ny-420-kv-kraftledning-gjennom-bremanger-kommune-krav-til-klageinstansens-begrunnelse-article2472-114.html>
- Fjordane tingrett, Rettsbok m/orskurd datert 19.9.2013,
- Miljøverndep, avgjørelse i klagesak – Dispensasjonssøknad for kraftledning gjennom Sjørdalen naturreservat

SM 19-13

Øvrebø Vidar

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 20. november 2013 16:34
Til: 'oleelde@online.no'
Kopi: Alme Audhild Ragni Vie
Emne: 420 kV gjennom Bremanger kommune

Viser til dykkar e-post til Leo Cirotzki - «420 kV gjennom Bremanger kommune», den 14. oktober 2013.

Vi beklagar sein tilbakemelding på henvendinga dykkar.

Dykkar e-post med vedlegg vil bli lagt fram som ei meldingssak i neste kontrollutvalsmøte. I tillegg har sekretariatet føreteke ei vurdering av saka og denne vil også bli lagt fram i eit notat under sak «Skriv og meldingar» i neste møte.

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 42
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 61 27 86

035/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT: PROSJEKTRAPPORTERING OG OPPFØLGING - TINGING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2013

Utvæl	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2013	035/13	-	Ja

Saksvedlegg

Forslag til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt: Prosjektrapportering og oppfølging..

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalssak 03/13 – Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.

Kommunestyresak 039/13 – Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.

Kontrollutvalssak 32/13 – Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Tinginga for prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging, vert godkjent.

Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.

KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT: PROSJEKTRAPPORTERING OG OPPFØLGING - TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt: Prosjektrapportering og oppfølging

Saksopplysningar:

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse. Denne var grunnlag for vidare arbeid med forvaltningsrevisjon. I sak 03/13 "Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016" den 25.02.2013 gav kontrollutvalet tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Planen vart vedteken i samsvar med kontrollutvalet si tilråding i kommunestyret 20.06.2013 i sak 39/13 Plan for forvaltningsrevisjon – 2013 – 2016 Bremanger kommune

I planen er det gjort følgjande prioriteringar av prosjekt:

- **Prosjektrapportering og oppfølging**
- **Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving.**

Det går fram av planen at kontrollutvalet har fullmakt til å gjere omprioriteringar og/eller velje andre prosjekt.

I kontrollutvalsmøte 14.10.13 i sak 032/13 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt, vart det gjort fylgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging. SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.*

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga. KRYSS-revisjon vil bli kalla inn til møtet for å diskutere prosjektet.

SEKOM-sekretariat har utarbeidd ein mal som vi ynskjer å nytte når vi tingar oppdrag. Sjå tingsingsdokumentet.

Vidare ser vi føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingsingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eitt år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:
Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

"Utkast"

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

Førde 27.11.2013

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT " PROSJEKTRAPPORTERING OG OPPFØLGING» - BREMANGER KOMMUNE

Prosjektnamn

Prosjektrapportering og oppfølging

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Bremanger gav 25.02.2013 i sak 03/13 «Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016» Bremanger kommune tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Bremanger gjorde i sak 39/13 «Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016» vedtak om at planen vert godkjent.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Bremanger kommune ynskjer å få kjennskap til om prosjektrapportering og oppfølging er i tråd med gjeldande regelverk.

Avgrensing av undersøkinga

Kontrollen skal avgrensast til 2012 og 2013.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

Etterlever administrasjonen dei reglar og rutinar i sin rapportering av investeringsprosjekt til politisk nivå. Her under: Evt perioderapporteringar/Statusrapporteringar.

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.
Overordnaanalyse
Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016.
RSK001.
Kommunale regelverk.
Særlovgjeving.

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 1. desember 2014.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 35/13 den 27. november 2013

Harry Gulestøl
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

036/13 ORIENTERING – STATUS I ARBEIDET MED INNKJØPSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2013.

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2013	036/13	-	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering

Sak 008/13 Skriv og meldingar

Sak 024/13 Orientering – Innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orienteringa frå rådmannen vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING – – STATUS I ARBEIDET MED INNKJØPSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Bremanger kommune orienterer om status i arbeidet med innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Den 27.02.2012 orienterte rådmannen kontrollutvalet om innkjøpsrutinar i Bremanger kommune. I vedtaket i saka ber kontrollutvalet om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørende innkjøpsordningar. Kontrollutvalet har ikkje motteke den nemnde dokumentasjon.

I kontrollutvalsmøte i Bremanger den 15.04.2013 i sak 008/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Ad SM 12/13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulestøl – «Er leverandørane/kundane til kommunen nøgde?», datert 4. april 2013.*

Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet som det vart orientert om i sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering ved rådmann den 27.02.2012.

I Brev den 16.04.2013 ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.

I sak 024/13 Orientering – Innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune, orienterte Rådmannen om:

- Det er i gang eit prosjekt på e-handel saman med fleire kommunar i fylket.
- Det vert arbeida med å få ein større skriftlegheit på innkjøp for kunne dokumentere dette mot leverandør.
- Det skal utarbeidast nytt innkjøpsreglement i løpet av 4. Kvartal i 2013. Implementering skal gjennomførast i løpet av 2014.
- Det skal også utarbeidast fullmaktsmatrise på innkjøp.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

I møte 14.10.2013 var kontrollutvalet samde om at dei ville be om status i arbeidet med innkjøpsfunksjonen på neste møte i kontrollutvalet 27.11.2013, og rådmannen vert difor kalla inn for å informere om dette.

037/13 OPPFØLGINGSLISTE 5-2013 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat

Dato: 20.11.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.11.2013	037/13	-	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 5-2013 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 5 -2013 Bremanger vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2013 OG MERKNADER – BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 20.11 2013

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2013 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11	Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten.	14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12 Sjå sak 020/13
010/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR sektoren»	15.04.13		15.04.13. Vedtak KU: SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012. 16.04.13 Brev til Bremanger kommune – svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12 - Sjå sak 020/13
020/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrap. Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen har følgd opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 19.01.2012. Og at det er gjort tiltak slik at: • Alle relevante kostnader vert ført i sjølvkostrekneskapen. • H-2140 vert nytta som rettesnor for arbeidet, og på grunnlag av desse retningslinjene er det utarbeidd Retningslinjer for utrekning av gebyrgrunnlaget for VA-sektoren i Bremanger kommune, rutineskildring for utrekning av vass- og avlaupsgebyr for Bremanger kommune og malar for utrekning av gebyrgrunnlag vatn og avlaup. Sjølvkostutrekninga skjer på tilsvarende måte. Desse dokumenta vil bli reviderte i 2013 etter innspel frå kommunerevisjonen. • Inndekkingsgrada på sjølvkostområdet er lagt inn som note til rekneskapen, og vert handsama av kommunestyret i samband med godkjenning av årsrekneskapen.

			30.05.13 Sak sendt til Kst. til orientering.
021/13 Orientering – om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Orientering vert teken til vitande Kommunalsjef oppvekstsektoren orienterte: - Har ikkje fått tilbakemelding frå innleigd konsulent vedrørende Svelgen Barnehage, Langnes Barnehage og Kalvåg Barnehage. - Håpar også å få med skulane i den endelege godkjenninga. - Ingen endeleg frist frå Fylkesmannen. - Samarbeider no med Flora kommune med godkjenning av barnehagar.
024/13 Orientering – Innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Orientering frå adminidtrasjonen vert teken til vitande. Rådmannen orienterte om: - Det er i gang eit prosjekt på e-handel saman med fleire kommunar i fylket. - Det vert arbeida med å få ein større skriftlegheit på innkjøp for kunne dokumentere dette mot leverandør. - Det skal utarbeidast nytt innkjøpsreglement i løpet av 4. Kvartal i 2013. Implementering skal gjennomførast i løpet av 2014. - Det skal også utarbeidast fullmaktsmatrise på innkjøp. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med innkjøpsfunksjon på neste møte i kontrollutvalet den 27.11.2013.
025/13 Overordna analyse – Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 Bremanger kommune.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Kontrollutvalssak .25/13 vart trekt frå møtet.
026/13 Retting av opplysningar i brev til Fylkesmannen.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Saka vert utsett til neste møte.
028/13 Godkjenning innkalling og sakliste	14.10.13		14.10.13 Vedtak KU: - Det var ingen merkandar til innkalling. Sak 032/13 Forvaltningsrevisjon - Val av prosjekt, vart lagt til saklista.
029/13 Skriv og meldingar.	14.10.13		14.10.13 Vedtak KU: - Ad SM 015-13 "Vedtak i kommunestyre sak 044/13 Suppleringsval – kontrollutvalet". Kontrollutvalet ser det som problemfritt å behalde dagens ordning med vara for Leni Lisæter så lenge ho har permisjon frå politiske verv. - Resten av skriv og meldingar vert teken til vitande.
030/13 Budsjett 2013 for drift av kontrollutvalet	14.10.13		14.10.13 Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: <u>Budsjett til drift av kontrollutvalet</u>

			<u>Kr. 56.000,-</u>
031/13 Oppfølgingsliste 4-2013 og merknadar - Bremanger	14.10.13		14.10.13 Vedtak KU: Oppfølgingslista 3-2013 Bremanger vert teken til vitande.
032/13 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt.	14.10.13		14.10.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging. - SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.

Oppdatert 18.11.13.